



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kommunestyret
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	19.04.2018
<b>Tid:</b>	16:30 – 18:50

### Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Thor-Sigmund Garvik	Medlem	FRP
Dag Kåre Nærø	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK

### Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP
Rakel Anett Gjelseth	MEDL	AP
Edel Kvalsund Goksøyr	MEDL	KRF
Sigurd Voldsund Nygard	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H

---

**Varamedlemer som møte:**

Egil Kjell Leikanger	Reidun S Myrvågnes	AP
Jarle Digernes	Per Kristian Furø	AP
Johnny Hundsnes	Rakel Anett Gjelseth	AP
Mona Grethe Ryssevik	Edel Kvalsund Goksøy	KRF
Jan Arve Drabløs	Sigurd Voldsund Nygard	H
Knut Tandberg	Janne-Katrin Hansen Sævik	H

---

**Andre:**

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Hilde B. Skennes  
Prosjektleder eigeidom Rolf Henning Skrede Hide  
Eigeidomsleiar Robert Myklebust  
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 27 medlemer og 6 varamedlemer, tilsaman 33 representantar, fulltalig.

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde: Svein Gjelseth og Henry Jøsokbakke.

Grunngitt spørsmål frå Kaja Runde om taretråling.  
Grunngitt spørsmål frå Linn Therese Sævik om trafikktrygging Leine- Voldsund.  
Grunngitt spørsmål frå Egil Leikanger om reglement til politisk utval – Egil Leikanger vil kome med eit skriftleg forslag til endringar.  
Bjarne Kvalsvik stilte spørsmål om Herøy kommune skal kome med innspel til ny organisering av Folketannrøktaren i Ulstein og Hareid.

Ordførar Arnulf Goksøy svarte i slutten av møtet.

Leiv Aarflot fekk permisjon kl 18.20 og gjekk frå møtet etter handsaming av K-sak 46/18.

**Skriv delt ut i møte:**

Notat datert 16.04.18 – Marine Harvest Eggesbønes AS – Tilrettelegging – Presisering av vedtak og avtale.

Tilråding frå valnemnda i K-sak 45/18.

Tilråding frå valnemnda i K-sak 46/18.

---

Svein Gjelseth

Arnulf Goksøy  
underskrifter

Henry Jøsokbakke

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 35/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 36/18	Protokoll frå førre møte.
PS 37/18	Delegerte saker
PS 38/18	Referatsaker
PS 39/18	Ordførarens kvarter
PS 40/18	Omregulering frå parkering til park/leik. Slutthandsaming.
PS 41/18	Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - val av utbyggingstomt
PS 42/18	Gnr 34 Bnr 7 - Grunnverv parkeringsplass
PS 43/18	Interkommunal kystzoneplan for YSS - utlegging av planprogram til offentleg ettersyn
PS 44/18	Marine Harvest Eggesbønes AS - Intensjonsavtale om utbygging av næringsområde
PS 45/18	Søknad om permisjon frå politiske verv - Rakel Gjelseth
PS 46/18	Val av representantar med personleg vara til styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

## **Referatsaker**

- RS 11/18 Årsmelding og rekneskap for Søre Sunnmøre Landbrukskontor 2017
- RS 12/18 Årsmøte 2018 Herøy Vasslag SA
- RS 13/18 Referat frå nettverksmøte i Folkevaltnettverket
- RS 14/18 Brev om eldreomsorga med grafar
- RS 15/18 18/584-8 Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019
- RS 16/18 Generalforsamling - innkalling og dokument

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 89/18 Hilde Håheim 12/131 - Løyve til tiltak
- DS 90/18 Jon Arne Lillebø - 26/112 - Støttemur
- DS 91/18 Arnstein Høydal 37/241 - løyve til tiltak
- DS 92/18 Hanne Kvalsvik og A. Magnar Moltumyr - 29/317 - Einebustad
- DS 93/18 Eveline Kopperstad og Anders Teige 5/67 - løyve til endring av gitt løyve
- DS 94/18 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning) Etter fjøstid 23.03.2018
- DS 95/18 Roy Gustav Oldeide 56/25 - Løyve til tiltak
- DS 96/18 Oluf Teige 5/16 - Løyve til frådelling av eigedom
- DS 97/18 Prosjektbygg AS 33/51 - Igangsettingløyve for grunnarbeid, sprengning og betongarbeid
- DS 98/18 Knut Magne Dalebø - 58/60 - Garasje
- DS 99/18 Herøy kommune 34/121 - Ferdigattest
- DS 100/18 Erlend Nykrem Haddal 20/89 - løyve til tiltak
- DS 101/18 Sigvald Voldsund - 38/16 seksjon nr 3 - Bruksendring
- DS 102/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Madelynn Coffee Strand
- DS 103/18 Jon Kvalsund 5/52/53 - Løyve til fasadeendring
- DS 104/18 Raymond Myking 17/75 - Løyve til tiltak
- DS 105/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Yong Hong Restaurante AS
- DS 106/18 Tor-Andre Kopperstad 4/23 - løyve til tiltak
- DS 107/18 Philip Andre Leine 25/1 Frådelling av tomt til uendra bruk
- DS 108/18 Gudjon Ørn Emilsson 37/387 - Løyve til tiltak
- DS 109/18 Odd Johannes Egset 11/16 Løyve til tiltak - veranda
- DS 110/18 Nirosa Shanmuganathan 45/157 - Ferdigattest

## **PS 35/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 36/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

## **PS 37/18 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 38/18 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 39/18 ORDFØRARENS KVARTER**

### **Møtebehandling:**

Ordføraren hadde ingen orientering i dette møtet.

## **PS 40/18 OMREGULERING FRÅ PARKERING TIL PARK/LEIK. SLUTTHANDSAMING.**

### **Møtebehandling:**

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 4 røyster. Folk/SP røysta mot.

### **Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018**

Med heimel i plan- og bygningslova §12-12 vedtek Herøy kommunestyre å regulere om føremål ved Valaker til føremål park-/ leikeområde i samsvar med plankart og føresegner datert 21.11.17.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

### **PS 41/18 PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - VAL AV UTBYGGINGSTOMT**

#### **Møtebehandling:**

Bjarne Kvalsvik reiste habilitetsspørsmål då ektefelle har tilbode kommunen tomt. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Bjarne Kvalsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, punkt c.

Prosjektleiar Rolf Henning Skrede Hide, eigedomsleiar Robert Myklebust og kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Høgre, Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med forslag om slik tillegg i punkt 2: I henhold til budsjett.

Formannskapet si tilråding med tillegg i punkt 2 frå Høgre, vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018**

1. Herøy Kommunestyre vedtek riving av delar av eksisterande brannstasjon og driftsbasis og oppføring av tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis.
2. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement i henhold til budsjett.

### **PS 42/18 GNR 34 BNR 7 - GRUNNERVERV PARKERINGSPLASS**

#### **Møtebehandling:**

Sofie Arntsen reiste habilitetsspørsmål då ho er busett på nabotomta til omsøkt område. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Sofie Arntsen vart samrøystes kjend habil.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018**

Herøy kommunestyre kjøper areal til parkeringsplass frå gnr 34 bnr 7 som vist på kart dagsett 21.03.2018.

Kjøpesum for arealet er rund sum 700 000kr.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 700 000,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 700 000,- (Kjøpet vert belasta prosjekt «strategisk grunnkjøp» som tidlegare er lånefinansiert)

### **PS 43/18 INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YSS - UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN**

#### **Møtebehandling:**

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018**

Herøy kommunestyre vedtek med heimel i PBL §11-13 å legge planprogram for interkommunal kystsonoplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

### **PS 44/18 MARINE HARVEST EGGESBØNES AS - INTENSJONSAVTALE OM UTBYGGING AV NÆRINGSOMRÅDE**

#### **Møtebehandling:**

Notat datert datert 16.04.18 – Marine Harvest Eggesbønnes AS – Tilrettelegging – Presisering av vedtak og avtale, vart lagt på bordet i møtet.

H, Hilde Marie Brungot kom med framlegg om slike endringar:

1. Bruk leigetakars korrekte namn gjennom heile kontrakta og også intensjonsavtalen.
2. Leigeavgift. Definer klart kva rente som skal betalast, gjerne knytt til Nibor margin, eller ein annan referanse.
3. Sikring. Bankgarantien bør vere selvskyldnergaranti. Teksta vert endra slik: leigetakar skal stille ein bankgaranti (selvskyldner) for det.....
4. Ta vekk siste setning i 1. avsnitt.



Avtalen vert korrigerert i henhold til innspel frå Hilde Marie Brungot og notat delt ut i møtet.

Formannskapet si tilråding med endringar i framlegget frå Hilde Marie Brungot, vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018**

Herøy kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Marine Harvest AS med slike endringar:

1. Bruk leigetakars korrekte namn gjennom heile kontrakta og også intensjonsavtalen.
2. Leigeavgift. Definer klart kva rente som skal betalast, gjerne knytt til Nibor margin, eller ein annan referanse.
3. Sikring. Bankgarantien bør vere selvskyldnergaranti. Teksta vert endra slik: leigetakar skal stille ein bankgaranti (selvskyldner) for det.....
4. Ta vekk siste setning i 1. avsnitt.

Ordførar får fullmakt til å signere kontrakt i samsvar med innhaldet i vedlagt forslag til avtale mellom Herøy kommune og Marine Harvest AS.

### **PS 45/18 SØKNAD OM PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV - RAKEL GJELSETH**

#### **Møtebehandling:**

Tilråding frå valnemnda vart lagt fram i møtet.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018**

1. Rakel Gjelsestet får permisjon frå kommunale verv fram til 01.01.2019
2. Ny nestleiar i komite for oppvekst frå no og fram til 01.01.2019 vert vald:  
Per Kristin Furø
3. For plassen i kommunestyret vert saka oversendt valstyret for nytt valoppgjær.

### **PS 46/18 VAL AV REPRESENTANTAR MED PERSONLEG VARA TIL STYRET I SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS**

#### **Møtebehandling:**

Tilråding frå valnemnda vart lagt fram i møtet.

Mona Grethe Ryssevik reiste habilitetsspørsmål då ho er gift med dagleg leiar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Mona Grethe Ryssevik vart samrøystes kjend habil.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018**

Som kommunen sine representantar til styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 2018-2020 vert valde:

Representant:

1. Tanja Elise Rafteseth
2. Tor-Sindre Steinsvik
3. Arve Moltubakk

Personleg vara:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy  
Bjarne Kvalsvik  
John Terje B. Nerem

**MØTET SLUTT!**